

Norsk institutt for naturforskning
Postboks 5685 Sluppen
7485 TRONDHEIM

Dato: 10.06.2016
Vår ref.: 2016/12-35
Saksbehandlar: jomragn
Dykkar ref.: 16S1936E

Att. Arild Landa

Tilskotsordning for viltformål 2016 - Avslag på søknad om tilskot - Oter tilbake til kysten, kunnskapsstatus bifangst

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til ovannemnde tiltak, datert 15.01.2016. Søknaden vart fremja i det nettbaserte søknadssystemet til Miljødirektoratet, der søknaden har referansenummer 16S1936E.

Vi må diverre melde avslag på søknaden.

Grunngjeving

Søknaden gjeld oter, som ikkje er ein haustbar viltart. Søknaden kjem difor ikkje inn under tiltak som fylkeskommunen kan støtte under tilskotsordninga til viltformål. Fylkeskommunen sitt ansvarsområde er avgrensa til haustbare, ikkje truga viltartar. Søknaden er difor ikkje realitetsbehandla.

Klage og partsinnsyn

Vedtak om heilt eller delvis avslag kan påklagast, jf. Forvaltningslova § 28. Klagefristen er tre veker frå motteke brev. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva tiltak det vert klaga over, årsak til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at De etter forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte sakshandsamar Jomar Ragnhildstveit, e-post: jomar.ragnhildstveit@hfk.no eller telefon 55 23 93 08.

Vi ønskjer lukke til med vidare arbeid!

Sølve Dag Sundbø
klima- og naturressurssjef

Jomar Ragnhildstveit
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.